



STØVREIDE RASMUS
St. Jetmund-vegen 93
6146 ÅHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Thomas Aurdal, 71 25 84 67

Vedtak om løyve til utfylling i sjø ved Åheim småbåthamn, gnr. 46 bnr. 1, i Vanylven kommune

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev Støvreide Rasmus løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Åheim småbåthamn, gnr. 46 bnr. 1, i Vanylven kommune. Løyvet med vilkår fylgjer vedlagt.

Vi vedtek eit gebyr på kr 35 000 for sakshandsaminga.

Vi syner til søknad av 07.04.2022 om løyve til utfylling i sjø ved Åheim småbåthamn.

Vedtak

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev med dette Støvreide Rasmus løyve til utfylling i sjø ved gnr. 46 bnr. 1 ved Åheim småbåthamn i Vanylven kommune. Løyvet er gjeve med heimel i lov av 13.03.1981 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) § 11, jf. § 16. Statsforvaltaren har ved avgjerda og ved fastsetting av vilkår lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket samanheld med dei fordelar og ulemper som tiltaket elles vil medføre. Det er satt vilkår for løyvet. Løyve med vilkår fylgjer vedlagt dette brevet.

Det kan gjerast endringar i løyvet i medhald av forureiningslova § 18. Endringane skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endrings søknad må difor føreliggje i god tid før endringa ynskjust gjennomført.

At det er gjeve løyve til forureininga betyr ikkje at ein ikkje har erstatningsansvar for skade og ulempe forårsaka av forureining, jf. forureiningslova § 56. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Bakgrunn

Rasmus Støvreide søkte 07.04.2022 om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Åheim småbåthamn, gnr. 46 bnr. 1, i Vanylven kommune. Det skal fyllast ut i sjø for å ferdigstille og plastre ein molo/pir i tråd med gjeldande regulering. Tiltaket er planlagt utført i perioden 2023-2024, når det vert tilgjengeleg massar frå Stad skipstunnel.



Høyring og innspel

Søknaden var på høyring til 09.05.2022. Vi fekk inn dei fylgjande kommentarane og innspela:

Bergens Sjøfartsmuseum (22.04.2022)

Sjøfartsmuseet skriv at dei ikkje kjenner til marine kulturminne i det aktuelle området som kan verte råka av utfyllinga. Dei har difor ingen merknadar til inngrepet. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i området, og dei minner om meldeplikta dersom ein under arbeidet finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.

Fiskeridirektoratet (05.05.2022)

Fiskeridirektoratet uttaler seg om fiskeri- og akvakulturinteresser og marint biologisk mangfald. Dei skriv at det er registrert eit område for fiske med aktive reiskapar (not) om lag 130 m unna utfyllingsområdet. Det er òg registrert to område for fiske med passive reiskapar (garn) om lag 160 og 200 m unna. Fleire låssettingsplassar er registrert i området. Dei næraste er ved Saltvika og Åheim, om lag 700 og 1050 m unna tiltaksområdet. Direktoratet vurderer at det aktuelle tiltaket i liten grad vil komme i konflikt med desse fiskerinteressene.

Den næraste akvakulturlokaliteten i sjø er 12233 Stokkeneset, som ligg om lag 2,2 km nordvest for tiltaksområdet.

Havforskningsinstituttet (HI) har registrert eit lokalt viktig gytefelt for torsk i Kjødepollen som strekk seg nordover til nord for Åheim, og som omfattar området som skal fyllast ut. Gytefeltet har høg retensjon, og det ligg fleire potensielle oppvekstområde for torsk innanfor feltet (større taeskokgførekomstar). Fiskeridirektoratet skriv at alle tiltak i området må sjåast i samanheng med gytefeltet og at eventuell negativ påverknad eller negativ effekt på gytinga eller dei tidlege livsstadia til torsken må vurderast. Det er registrert taeskokgførekomstar og område med blautbotn i strandsona nær tiltaksområdet som kan vere potensielle oppvekst- og beiteområde for torskeyngel og andre artar. Direktoratet syner til ei tidlegare uttale frå HI der det vart anbefalt å i størst mogleg grad utføre mudring og utfylling utanfor gytetida og den tidlege yngeltida (februar til juni). HI anbefalte òg å nytte siltgardin for å unngå skadar på yngel gjennom sumaren og hausten. Fiskeridirektoratet ynskjer at det nyttast tiltak for å redusere partikkelspreiing, skånsam utlegging av massar, reine utfyllingsmassar og overvaking og kontroll dersom tiltaket skal utførast i den sårbare tida til torsken.

Mette Osnes Kriken (07.05.2022)

Kriken uttaler seg som eigar av ein av naboeigedomane, gnr. 46 bnr. 156. Ho ynskjer at moloen vert plastra mot sør, men då i linje med plastringa på naboeigedomene. Vidare ynskjer ho ikkje at det gjevast løyve til ytterlegare påfylling med massar på moloen, og meiner at dette er spesielt problematisk på sørsida, der ytterlegare massar vil innsnevre utlaupet til Åheimselva. Det peikast på at elva har eit rikt fugleliv og at det òg er fisk som går opp i elva.

Trine Solheimsvik (09.05.2022)

Solheimsvik uttaler seg på vegne av sin far, Harald Osnes, som er eigar av eigedomane gnr. 46 bnr. 105 og 106. Dei meiner at moloen kan plastrast på sørsida, men at det ikkje bør gjevast løyve til ytterlegare utfylling i elvemunninga. Dei ynskjer ikkje at moloen skal verte større i bredde eller lengde. Vidare finn dei at søknaden har mangelfulle opplysningar om kva som skal gjerast og kva konsekvensar tiltaket vil ha for dyr, fugleliv og fiskebestand i området. Dei opplyser at det er eit rikt dyreliv i det aktuelle området. Ein større molo vil kunne endre elveutlaupet og fuglefaunaen. Vidare



opplyser dei at delar av elveutlaupet vert tørrlagt ved fjære sjø, og at området difor er eit viktig næringsområde for fuglar i området.

Vedlagt uttala frå Solhemsvik var det òg ei uttale frå Frode Falkenberg frå Birdlife Norway og ei oversikt over kva fuglar som finnast i området. Falkenberg skriv at elveutlaupet og kulturmarka ikring er spesielt verdfulle for fuglane.

Statsforvaltaren sin vurdering

Utfylling i sjø er mellombels anleggsarbeid som treng løyve etter forureiningslova (jf. § 11) når det er risiko for vesentleg skade eller ulempe. Det er registrert fiskeriinteresser og verdfull natur i nærleiken til tiltaksområdet, og det er potensial for noko forureining i sedimenta i tiltaksområdet. Vi finn difor at det er behov for eit løyve etter forureiningslova før tiltaket kan gjennomførast.

Sedimentforureining og partikkelspreiing

Utfylling i sjø kan medføre spreiiing i vassmassane av partiklar og finstoff som fylgjer med fyllmassane og også frå sjøbotnen ved oppvirvling. Dersom sjøbotnen i utfyllingsområdet er forureina med miljøgifter, vil utfyllinga òg kunne medføre spreiiing av miljøgifter.

Vi kjenner ikkje til at det er gjort sedimentundersøkingar i tiltaksområdet for å undersøke miljøgifter. Vi har ikkje kunnskap som tilseier at det er sannsynleg at sjøbotnen i området er vesentleg forureina, men noko påverknad frå båttrafikk over mange år er sannsynleg. Vi finn at tiltaket ikkje medfører risiko for vesentleg spreiiing av miljøgifter og at det ikkje er behov for omfattande avbøtande tiltak mot miljøgifter under arbeidet.

Utfylling i sjø kan medføre spreiiing av finstoff, slam og skadelege skarpe partiklar frå fyllmassane og sjøbotnen. Slik spreiiing kan vere uheldig for det marine livet. Sjå komande avsnitt for vår vurdering av behovet for omsyn til gyting, smoltvandring og liknande.

Plast og avfall

Sprengsteinmassar inneheld ofte vesentlege mengder restar av sprengtråd eller anna avfall. Dersom massar med slikt innhald nyttast til utfylling i sjø, vil avfallet kunne spreie seg og gjeve marin forsøpling og på sikt mikroplast. Marin forsøpling er eit stort miljøproblem langs kysten av Noreg. Det er difor viktig at det ikkje fyllast ut i sjø med massar med mykje avfall.

Det er oppgitt i søknaden at det skal nyttast massar frå Stad skipstunnel til utfyllinga ved Åheim småbåthamn. Dersom det er avfall i desse massane, må det gjerast tiltak for å hindre at tiltaket bidreg til marin forsøpling, som at avfallet fjernast frå massane før dei fyllast ut i sjøen. Sjå vilkår 4.4 i løyvet for kva som gjeld.

Vurderingar etter naturmangfaldlova

Statsforvaltaren har vurdert tiltaket etter *Lov om naturens mangfold* (naturmangfaldlova) § 8-12. Vurderingane våre har teke utgangspunkt i informasjon tilgjengeleg i databasen *Naturbasen*, *Lakseregisteret* og i Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy. Vi finn at den føreliggjande informasjonen er tilstrekkeleg til å handsame søknaden, jf. § 8 i naturmangfaldlova, og ser difor inga spesiell grunn til å leggje vekt på føre-var-prinsippet, jf. § 9.

I *Naturbasen* er det registrert eit større rasteområde for andefuglar frå tiltaksområdet ved munninga av Åheimselva og eit stykke oppover elva. Det rike fuglelivet ved elvemunninga er òg nemnd i to av høyringsuttalene. Av omsyn til smoltvandring (sjå komande avsnitt) er det ikkje lov å utføre anleggsarbeid i smoltvandringstida, og vi ventar ikkje at fuglane vil verte vesentleg forstyrra av



tiltaket. Det er viktig at utfyllinga heldast innanfor reguleringsgrensene, slik at ikkje leveområdet vert innsnevra, jf. vilkår 4.8.

Ved småbåthamna og oppover Åheimselva er det registrert eit større område med brakkvasspoll, verdivurdert som viktig. Berre ein mindre del av denne naturverdien vil verte råka av utfyllinga. Inngrepet omfattar berre ferdigstilling av ein allereie eksisterande molo, og vil ikkje medføre ei stor endring av landskapet.

Naturtypen område med blautbotn i strandsona er registrert frå sørsida av eksisterande molo og eit stykke oppover Åheimselva. Naturverdien vart registrert i 2019 og er verdivurdert som viktig. Berre ein mindre del av blautbotnsområdet vil verte direkte råka av tiltaket, men for at belastninga skal verte så liten som mogleg, ynskjer vi at utfylling på sørsida, spesielt ved dei indre delane av moloen, skal gjerast så kontrollert og skånsamt som mogleg, jf. vilkår 4.8 i løyvet. Det er veldig viktig at fyllinga, inkludert fyllingsfoten, ikkje går ut over reguleringsgrensa, jf. også høyringsuttaler frå grunneigarar på naboeigedomane.

I Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy er det registrert eit gyteområde for torsk som strekk seg over det meste av Vanylvsfjorden, inkludert tiltaksområdet ved Åheim. Gytefeltet reknast som lokalt viktig. Torsken sin gyting skjer normalt i perioden februar-april, og i denne tida er fisken ekstra sårbar for forstyrringar som auka partikkelnivå i vassmassane. I tida etter gytinga, fram mot midten av juni, er det torsk i tidlege livsfasar som òg vil vere ekstra sårbar for forstyrringar. Av omsyn til gytinga skal det nyttast siltgardin dersom det er naudsynt å arbeide med utfylling i sjø i gyteperioden, jf. vilkår 4.7 i løyvet.

Lenger inn i Vanylvsfjorden er det registrert eit beiteområde for hestmakrell, men avstanden er på om lag 1,8 kilometer til tiltaksområdet, og vi ventar difor ikkje at dette området vil verte forstyrra av tiltaket.

Større fiskefelt for aktive og passive reiskap er registrert midtfjords i Vanylvsfjorden, og har ein avstand til tiltaksområdet på berre om lag 100 meter på det næraste. Tiltakshavar bør varsle lokale fiskarlag om utfyllingstiltaket.

Låssettingsplassar er registrert på austsida av Torvikholmen, som ligg nord for Åheim småbåthamn og ved Otnesvågen og Kvamsvika på den andre sida av fjorden. Desse felta ventast ikkje å verte påverka av tiltaket.

Ingen akvakulturlokalitetar er registrert i nærleiken til tiltaksområdet.

I *Lakseregisteret* er Åheimselva registrert som lakseførande. Åheimselva reknast som ei av dei viktigaste lakselvane på Sunnmøre, og det er òg sjøaure i elva. Det er sannsynleg at grunne sjøområde ved utløpet er beiteområde for sjøauren. Laksen vil vere spesielt sårbar i smoltvandingsperioden, som kan reknast frå 20. april til 10. juli. Av omsyn til smoltvandringa må det ikkje utførast tiltak i sjø i denne perioden, jf. vilkår 4.6 i løyvet.

Etter § 10 i naturmangfaldlova skal ein påverknad på eit økosystem alltid vurderast ut ifrå den samla belastninga som systemet vert utsett for. Tiltaket er ikkje veldig stort i omfang og skal utførast i eit område med betydeleg preg av menneskeleg aktivitet. Det er vilkår med avbøtande tiltak for å redusere belastninga på naturmiljøet i nærleiken. Vi finn at det aktuelle tiltaket ikkje vil gjeve eit uakseptabelt stort bidrag til den samla belastninga på økosystemet.



Etter § 11 i naturmangfaldlova skal tiltakshavar dekke kostnadane ved å hindre eller redusere eventuell skade på naturmangfaldet i eit tiltaksområde dersom dette ikkje er urimeleg med utgangspunkt i karakteren til tiltaket og den eventuelle skaden. I denne saka finn Statsforvaltaren det rimeleg at tiltakshavar gjennomfører avbøtande tiltak slik dei er skildra i løyvet, og dekkjer eventuelle kostnadar av desse tiltaka. Dei avbøtande tiltaka er òg i tråd med § 12 i naturmangfaldlova, som sett krav om at det nyttast miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder for å unngå eller redusere skadar på naturmangfaldet.

Vassdirektivet

Tiltaket skal utførast i vassførekomsten ved namn *Vanylvsfjorden*, som i databasen *Vann-nett* har moderat økologisk tilstand og *dårleg* kjemisk tilstand. Nye inngrep i ein vassførekomst kan, ifylgje *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassforskrifta) normalt ikkje utførast dersom tiltaket medfører risiko for at førekomsten sin økologiske status vert dårlegare. Vi vurderer det som lite sannsynleg at det aktuelle tiltaket vil medføre dårlegare status i vassførekomsten.

Konklusjon

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal tillét utfylling i sjø etter fastsette vilkår. På bakgrunn av vilkåra finn vi at det aktuelle tiltaket ikkje vil medføre skade eller ulempe for miljøet som er uakseptabelt stor samanlikna med samfunnsnytta ved tiltaket.

Erstatningsansvar

Løyvet frittek ikkje for erstatningsansvar for forureiningskade etter forureiningslova § 10 og kapittel 8.

Offentleggjing av løyvet

Vedtaket skal gjerast offentleg kjend, jf. § 36-11 i forureiningsforskrifta. Den som har fått løyve skal så snart som mogleg kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, informasjon om kor ein kan få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klagemoglegheiter. Kopi av kunngjeringa skal sendast Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan ein månad etter at løyvet er gjeve. Tiltakshavar kan nytte sin eigen logo i kunngjeringa. Statsforvaltaren sin logo skal ikkje nyttast. Her fylgjer forslaget vårt til kunngjeringstekst:

Rasmus Støvreide får løyve etter forureiningslova til utfylling ved gnr. 46 bnr. 1 ved Åheim småbåthamn i Vanylven kommune. Det skal fyllast ut over eit areal på 3 528 m² for å ferdigstille og plastre ein molo i tråd med gjeldande regulering. Tiltaket skal utførast i perioden 2023-4 når det vert tilgjengeleg massar frå Stad skipstunnel.

Vedtak med løyve og informasjon om klagemoglegheiter kan lesast på nettsida til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, www.statsforvalteren.no/Mr, under «Forureining og avfall» og «Kunngjeringar».

Datoar og fristar

- Vedtaket skal kunngjerast i dagspressa så snart som mogleg
- Det skal sendast oppstartsmelding til Statsforvaltaren når tiltaka startast opp. Meldinga kan sendast til sakshandsamar på e-post thomas.aurdal@statsforvalteren.no.
- Løyvet er gyldig til 31.12.2025
- Sluttrapport i tråd med vilkår 6.1 i løyvet skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan 6 veker etter at anleggsarbeidet er ferdig utført.



Med helsing

Christian DahlChristian Dahl (e.f.)
fagleiar - forureiningfagleiar

Thomas Aurdal
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

Tillatelse til utfylling i sjø

Kopi til:

**VANYLVEN KOMMUNE
FISKERIDIREKTORATET
METTE OSNES KRIKEN
TRINE SOLHEIMS NES**

**RÅDHUSET
Postboks 185 Sentrum
mette.osnes.kriken@vanylven.kommune.no
triosnes@online.no**

**6143 FISKÅ
5804 BERGEN**

**Løyve til utfylling i sjø ved gnr. 46 bnr. 1 i Vanylven kommune**

Løyvet er gitt i medhald av lov av 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar og om avfall § 11 jf. Det er satt vilkår etter forureiningslova § 16. Løyvet kan ikkje nyttast før det òg føreligg naudsynte løyve eller avklaringar etter plan- og bygningslova, hamne- og farvasslova og kulturminnelova.

Verksemda må avklare skriftleg på førehand med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eventuelle endringar den ønskjer å gjere i forhold til opplysningar i søknaden eller under saksbehandlinga som kan ha miljømessig påverknad.

Løyvet gjeld frå **dags dato** og er gyldig fram til **31.12.2025**.

Bedriftsdata og informasjon om tiltaksområde

Tiltakshaver	Støvreide Rasmus
Organisasjonsnummer	969152452
Postadresse	St. Jetmunds veg 93, 6416 Åheim
Org. nummer (bedrift)	-
Lokalitet for tiltaket	Åheim småbåthamn
Koordinatar for tiltaket (UTM 32)	X: 317598, Y: 6883553
Gards- og bruksnummer for tiltaket	Gnr. 46 bnr. 1
Kommune tiltaket utførast i	Vanylven

Statsforvaltarens referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse ¹	Saksnr.
2022.0364.T	1511.0044.01	4	2022/1980
Løyve gitt:	Endringsnummer:	Sist endra:	
12.05.2022	-	-	

Christian Dahl (e.f.)
fagleiar

Thomas Aurdal
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Kva endring som er gjort
-	-	-	-

¹ Miljømyndigheitene sitt system for berekning av hyppigheita på frekvensbasert tilsyn, der risikoklasse 1 er høgast og 4 er lågast.



1. Verkeområde for løyvet

Løyvet omfattar utfylling med reine massar innanfor område regulert til føremålet ved moloen ved gnr. 46 bnr. 1 ved Åheim småbåthamn i Vanylven kommune. Løyvet gjeld berre massar som er eigna til føremålet.

2. Generelle vilkår

- 2.1 Det føresettast at tiltaket gjennomførast som angitt i søknaden datert 07.04.2022 dersom ikkje anna går fram av løyvet, andre vedtak eller på annan måte er avklart med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.
- 2.2 Forureiningsmyndigheitene vilkår skal ikkje vere til hinder for at andre myndigheiter kan stille krav med heimel i anna lovgiving.
- 2.3 Tiltakshavar er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert overheld. Tiltakshavaren pliktar å orientere dei som skal gjennomføre tiltaka om dei vilkåra som gjeld, og om dei restriksjonane som er lagt på arbeidet.
- 2.4 Forureiningsmyndigheta, eller dei den gjev mynde til, skal til ei kvar tid ha tilgjenge til området for inspeksjon.
- 2.5 Statsforvaltaren kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, sette nye vilkår, og om naudsynt trekke løyvet attende, dersom føresetnadar gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Statsforvaltaren har på det same grunnlaget rett til, på eit kvart tidspunkt, å stanse arbeidet.
- 2.6 Dersom det viser seg at dei miljøbeskyttande tiltaka ikkje verker som føresett i vilkåra, kan den ansvarlege med ein gong verte pålagt å sette i verk ytterlegare tiltak.
- 2.7 Ved funn, eller mistanke om funn, av kulturminne undervegs i arbeidet skal arbeidet stansast og Bergen sjøfartsmuseum kontaktast.

3. Internkontroll, beredskap og varsling

- 3.1 Tiltakshavar skal med ein gong varsle Statsforvaltaren om alle unormale tilhøve som har, eller kan få innverknad på forureiningssituasjonen.
- 3.2 Tiltakshavar pliktar å ha eit oppdatert internkontrollsystem, jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta) av 6. desember 1996. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene.
- 3.3 Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt redusere risikoen for akutte utslepp frå alle aktivitetar knytt til dette tiltaket. Slike tiltak skal vere basert på ein systematisk gjennomgang av alle element i tiltaksaktiviteten.



- 3.4 Den ansvarlege skal sørge for å ha den naudsynte beredskapen for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og redusere verknaden av akutt forureining for all verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskapen til den ansvarlege skal stå i eit rimeleg høve til sannsynet for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikten inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og redusere verknaden av ei eventuell forureining.
- 3.5 Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som fylgje av verksemda, skal den ansvarlege varsle i samhøve med *forskrift av 09.07.1992 om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning*. Melding om akutt forureining gjerast til brannvesenet, **telefon: 110**. Kystverket har vaktberedskap 24 timar i døgnet og får meldingar frå brannvesenet om akutt forureining.
- 3.6 Støy frå utfyllingsarbeida og/eller anleggstrafikk skal ikkje overskride grenseverdiane i rettleiaren "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging" (T-1442/2016).

4. Utfylling i sjø

- 4.1 Statsforvaltaren skal varslast når arbeidet startast.
- 4.2 Tiltaket skal gjerast i tråd med avgrensa område som vist i kartvedlegg til søknaden og i tråd med gjeldande regulering. Fyllinga må ikkje overskride grensene til området der gjeldande regulering opnar for utfylling.
- 4.3 Utfyllingsmassane skal ikkje overskride konsentrasjonsgrensene tilsvarande tilstandsklasse II for sedimenter i samhøve med Miljødirektoratet sin rettleiar for klassifisering av metall og organiske miljøgifter i vatn, sediment og biota (M-608/2016). Massane skal samstundes ligge innanfor normverdiane fastsett i forureiningsforskrifta kapittel 2 vedlegg 1. Det er ikkje lov å nytte reaktive bergartar. Massane skal vere eigna til føremålet og må ikkje innehalde for mykje finstoff som kan gjeve partikkelspreiing. Det er ikkje lov å fylle ut med massar dersom hovudføremålet er å kvitte seg med massane.
- 4.4 Det må utførast tiltak etter behov for å redusere spreiring av sprengtrådrestar og anna avfall frå fyllmassane så mykje som mogleg. Tiltak kan vere utsortering i forkant av utfylling, bruk av lense eller oppsamling frå vassflata. Massar med høgt innhald av sprengtrådrestar eller anna avfall skal ikkje nyttast til utfylling i sjø.
- 4.5 Tiltaket skal utførast under høvelege vind- og bølgetilhøve slik at det ikkje skjer uheldig spreiring av partiklar.
- 4.6 Av omsyn til smoltvandringa til laksen skal det ikkje utførast utfylling i sjø i perioden frå og med 20. april til og med 10. juli.



4.7 Av omsyn til gytinga til torsken skal eventuelt utfyllingsarbeid i perioden frå og med 1. februar til og med 19. april utførast bak siltgardin. Siltgardinet må plasserast slik at det så effektivt som mogleg hindrar spreining av partiklar ut frå staden der det arbeidast.

4.8 Utfylling må utførast skånsamt og kontrollert på en slik måte at fyllingsfoten ikkje kjem utanfor reguleringsgrensa. Det er spesielt viktig at arbeid på sørsida av moloen, ved dei indre delane av han, utførast så skånsamt og kontrollert som mogleg for å redusere påverknaden på dei sårbare naturverdiane i området.

5. Kontroll og overvaking

5.1 Det skal utførast visuell overvaking under arbeidet for å unngå marin forsøpling og ha kontroll på partikkelspreiinga, og for å sikre at ikkje fyllinga kjem over reguleringsgrensa.

6. Rapportering

6.1 Det skal sendast ein sluttrapport til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at anleggsarbeidet er avslutta. Rapporten skal innehalde:

- Ei kort skildring av tiltaket og utført arbeid
- Ei skildring av avbøtande tiltak som vart gjort for å redusere belastinga på naturmiljøet og kva tiltak som vart gjort for å sikre at ikkje fyllingsfoten kom utanfor reguleringsgrensa
- Eventuelle avvik frå løyvet, uheldige hendingar og liknande.